

Samnanger barneskule

18.desember 2025

Me tilpasser oppgåvene i høve tal elevar som er med.

Dette er oppgåvena til den vesle timen på Samnangerheimen:



- ❖ Gå ilag til Samnangerheimen
- ❖ Tenna lys saman med dei eldre. Snakka om fellesskap og vennskap
- ❖ Syngja: Vi tenner våre lyfter når det mørkner
- ❖ Snakka og læra om bakgrunnen til nokre av juletradisjonane som juletreet, juletrepynt, julepresanger, julebukk og julekaker
- ❖ Intervjua ein eldre person om han/ho sine tradisjonar rundt julefeiring
- ❖ Syngja: På låven sitter nissen med sin julegrøt
- ❖ Syngja: Når nettene blir lange
- ❖ Lage julelenke og henga opp på heimen
- ❖ Ynskje kvarandre ei GOD JUL



Tenna lys på Samnangerheimen saman med dei eldre:

Om ein feirar jul eller ikkje, kan juletida uansett vera ei tid der ein er ilag med familie og vener.

Me tenner difor eit lys medan me tenker på dei me er glad i.



Bakgrunnsstoff om juletradisjonar:

Juletreeet:

- 200 år sidan juletreeet kom til Norge
- Tyskland hadde det først og nokon i Norge syns det var ein god idè
- Juletreeet er eit symbol på det evige



Juletrepynt

- Kulene symboliserar opprinneleg jordkloden
- Papirlenkene symboliserer eit vennskapsbånd, at alle på jorda høyre saman
- Flaggena vart populære etter andre verdenskrig då mange vaksne fekk behov for å visa at Norge var blitt sjølvstendig.



Julepresanger

- Vikingane gav tjenarane klede til jul
- I veldig gamle dagar pleide og dei rike å gi kvarandre gåver til nyttår. Dette skulle bringe lukke for det nye året.
- I Tyskland hang dei små gåver på juletreeet som seinare vart til dei gåvene ein legg under juletreeet



Julebukk

- I tillegg til nissen hadde ein på gardane eit anna usynleg vesen, julebukken. Den kom til garden for å sjekke at alle juleførebuvingane hadde gått rett for seg.
- I dag går og nokre julebukk. Det vil seie å kle seg ut, gå frå dør til dør og synge julesongar for å få julegodteri.
- Før var det dei vaksne som gjekk julebukk
- Om ein i gamle dagar fekk besøk av dei syngjande julebukkane, måtte du passe på å gi dei noko å eta, elles kunne dei øydeleggja heile jula.
- I dag er det mest ungar som kler seg ut som julebukkar eller nyttårsbukk
- Som minne om julebukken er det mange som har ein julebukk i halm til pynt i heimen.



Julekaker

- I følge gammel tradisjon blir det ikke skikkeleg jul før sju kakesortar er i boks
- Denne tradisjonen starta for nesten 140 år sidan, då den første norske kokeboka kom i salg.
- I den kokeboka stod det at alle mødre, med respekt for seg sjølv, må baka sju kakesortar til jul!
- Difor bakte mange mødre kake etter kake, mens dei drøymde seg bort
- Kva drøymde dei om trur du?



GOD JUL til alle😊